



STORTINGET

Innst. 464 S

(2022–2023)

Innstilling til Stortinget
fra kommunal- og forvaltningskomiteen

Dokument 8:212 S (2022–2023)

Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, André N. Skjelstad og Ingvild Wetrhus Thorsvik om fleire stadvhengige jobbar i statsforvaltninga

Til Stortinget

Bakgrunn

I dokumentet fremmes følgende forslag:

- «1. Stortinget ber regjeringa setje konkrete måltal på kor stor del av stillingane i nasjonale statlege etatar/forvaltningsorgan som skal vere stadvhengige med høve til lokalisering i jobbfellesskap i bu- og arbeidsmarknadsregionar i Distrikts-Noreg.
2. Stortinget ber regjeringa sørge for at det blir etablert gode modellar for og kunnskapsdeling mellom ulike statlege etatar om desentralisert jobbstruktur i ein ny digital kvardag, og at det blir stilt tydelege forventningar til alle statsetatar om å legge til rette for dette.
3. Stortinget ber regjeringa sørge for at det i samarbeid med kommunar/regionar blir lagt til rette for at det er tilgjengeleg eigna lokale/fasilitetar for å ha desentraliserte, fleksible statlege arbeidsplassar i alle bu- og arbeidsmarknadsregionar i Distrikts-Noreg.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslagene.

Komiteens behandling

Komiteen har i brev av 13. april 2023 til Kommunal- og distriktsdepartementet ved statsråd Sigbjørn Gjelsvik bedt om en vurdering av forslaget. Statsråden sin uttalelse følger av vedlagte brev av 26. april 2023. Komiteen har invitert til og mottatt skriftlige høringsinnspill.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Rune Støstad, Siri Gåsemyr Staalesen, Terje Sørvik og lederen Lene Vågslid, fra Høyre, Mudassar Kapur, Anne Kristine Linnestad og Mari Holm Lønseth, fra Senterpartiet, Heidi Greni, Kathrine Kleveland og Kari Mette Prestrud, fra Fremskrittspartiet, Helge André Njåstad og Erlend Wiborg, fra Sosialistisk Venstreparti, Birgit Oline Kjerstad, og fra Rødt, Tobias Drevland Lund, viser til representantforslaget fra representanter fra Venstre med en rekke tiltak for å øke antallet stedsuavhengige arbeidsplasser i statsforvaltningen. Komiteen har mottatt vurdering av forslagene fra statsråd Sigbjørn Gjelsvik. Komiteen har åpnet for skriftlige innspill i behandlingen av saken.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet, vil vise til statsrådens svarbrev og er enig med regjeringen i at hver enkelt statlig virksomhet er nærmest til å vurdere hvordan man best kan nå målsettingen om økt tilrettelegging for desentralisert arbeid innenfor mål, rammer og samfunnsoppdrag for virksomheten. Flertallet er enig i at dette må ses i tråd med regjeringens tillitsre-

form i offentlig sektor. Flertallet vil også understreke at statlige virksomheter er ulike både når det gjelder størrelse og hvilke oppgaver virksomheten skal utføre. I tillegg er virksomhetene ulikt organisert og ulikt geografisk plassert. Videre vil flertallet vise til at noen virksomheter vil kunne ha stort potensial for bruk av desentralisert arbeid, mens det for andre vil kunne være mer krevende. Flertallet er med dette enig med regjeringen i at det ikke fremstår formålstjenlig å stille detaljerte krav til tallet på stillinger som skal ha status som desentralisert arbeid i hver enkelt virksomhet.

Flertallet vil videre vise til at regjeringen ved Kommunal- og distriktsdepartementet har utarbeidet en arbeidsrettslig veileder om desentralisert arbeid i staten. Denne er ment som et praktisk arbeidsrettslig verktøy for ledelsen i virksomheter som har ansatte som jobber desentralisert, eller som jobber med å legge til rette for desentralisert arbeid. Flertallet vil vise til at veilederen har vært på høring hos hovedsammenslutningene i staten, det har kommet flere innspill og på den bakgrunn har departementet oppdatert veilederen. Flertallet viser til statsrådets svarbrev og at regjeringen vil publisere veilederen om kort tid. Videre viser flertallet til at statlige virksomheter skal gi sin vurdering av muligheten for desentralisert arbeid i forbindelse med årsrapporten for 2023, og at regjeringen vil gjøre en samlet vurdering på bakgrunn av erfaringene som fremkommer i rapportene fra virksomhetene.

Flertallet vil vise til at mange norske kommuner har et stort engasjement for desentralisert arbeid, og vil vise til at mange kommuner allerede i dag legger til rette for kontorfellesskap der også ansatte i staten kan bli invitert inn. Flertallet er som regjeringen svært positive til dette og støtter opp om regjeringens oppfordring til at flere kommuner vurderer dette.

Komiteens medlemmer fra Høyre mener flere desentraliserte arbeidsplasser i statsforvaltningen er viktig for å legge til rette for attraktive kompetansemiljø i Distrikts-Norge. Disse medlemmer viser til at regjeringen Solberg startet pilotprosjektet Statens hus i 2020. Målet var å etablere modeller for mer samlede kompetansemiljø i distriktene. Det er presentert en midtveisevaluering av prosjektet, hvor et av funnene er at det er en tilbaketrukket holdning blant statlige aktører for å utnytte det økte handlingsrommet for desentralisert lokalisering. Disse medlemmer viser også til regjeringen Solbergs distriktsstrategier som ble lansert i 2021, hvor det ble åpnet for å i større grad etablere stedsuavhengige arbeidsplasser i statsforvaltningen. Dette var et viktig tiltak for å bygge sterkere arbeidsmarkeder i distriktene. Det er viktig at slike arbeidsplasser lokaliseres rundt kontorfellesskap, som for eksempel næringsliv, stat og kommune kan samarbeide om å etablere. Disse medlemmer er positive til at det etable-

res flere stedsuavhengige arbeidsplasser i distriktene, og mener regjeringen bør gjøre mer for å realisere slike arbeidsplasser.

På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at flere stillinger som lyses ut i statsforvaltningen, skal være stedsuavhengige.»

Komiteens medlemmer fra Høyre og Rødt fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringa sørge for at det blir etablert gode modellar for og kunnskapsdeling mellom ulike statlege etatar om desentralisert jobbstruktur i ein ny digital kvardag, og at det blir stilt tydelege forventningar til alle statsetatar om å legge til rette for dette.»

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Rødt, viser til forslagsstillernes forslag om å sette konkrete måltall for hvor stor del av stillingene i nasjonale statlige etater og forvaltningsorgan som skal være stedsuavhengige. Flertallet viser til behandlingen av Innst. 188 S (2022–2023), hvor Stortinget, med et flertall fra Arbeiderpartiet, Høyre, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Rødt, vedtok følgende:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget, på et egnet tidspunkt, med en oppsummering av kunnskapsinnhenting og om utviklingstrekk for hjemmekontor og stedsuavhengige arbeidsplasser i arbeidslivet samt en vurdering av behovet for ytterligere tiltak i lys av dette.»

Flertallet ønsker å avvente oppfølgingen av anmodningsvedtaket før det tas stilling til hvorvidt det bør settes konkrete måltall for stedsuavhengige stillinger i nasjonale statlige etater og forvaltningsorgan.

Flertallet deler forslagsstillernes ønske om å styrke gode løsninger for desentralisert jobbstruktur. Flertallet mener derfor at det i påvente av en oppsummering av kunnskapsinnhenting likevel kan fattes tiltak som vil styrke tilgangen til statlige arbeidsplasser over hele landet. Det er viktig med kunnskapsdeling mellom de ulike statlige etatene om desentralisert jobbstruktur, slik at etatene kan lære av gode eksempler seg imellom.

Flertallet ønsker å sikre gode og trygge arbeidsplasser og -vilkår for arbeidstakere, uavhengig av lokasjon og innretning på arbeidsplassen. Det er i den forbindelse svært viktig at det blir tilrettelagt for egnede lokaler og fasiliteter for å ha desentraliserte, fleksible statlige arbeidsplasser over hele landet. Flertallet støtter prinsippet om at det skal kunne opprettes stedsuavhen-

gige arbeidsplasser gjennom desentralisert organisering av statlige virksomheter, men mener samtidig at det er viktig å unngå at dette fører til færre hele faste stillinger, dårligere arbeidsvilkår eller mindre ordnede arbeidsforhold for de tilsatte.

Komiteens medlem fra Rødt mener at desentraliserte og stedsuavhengige arbeidsplasser der det er mulig i statsforvaltningen, er viktig for å utvikle Distrikts-Norge med gode arbeidsplasser i hele landet. Dette medlem er likevel opptatt av at politiske vedtak og retningslinjer ikke skal føre til at flere stedsuavhengige arbeidsplasser i statsforvaltningen resulterer i oppmøtested i større byer, heller enn i distriktskommuner som sårt trenger kompetansearbeidsplasser. Derfor vil dette medlem ikke støtte forslaget om stedsuavhengige stillinger fra komiteens medlemmer fra Høyre.

Forslag fra mindretall

Forslag fra Høyre og Rødt:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringa sørge for at det blir etablert gode modellar for og kunnskapsdeling mellom ulike statlege etatar om desentralisert jobbstruktur i ein ny

digital kvardag, og at det blir stilt tydelege forventningar til alle statsetatar om å legge til rette for dette.

Forslag fra Høyre:

Forslag 2

Stortinget ber regjeringa legge til rette for at flere stillinger som lyses ut i statsforvaltningen, skal være stedsuavhengige.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av medlemmene i komiteen fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Fremskrittspartiet og Sosialistisk Venstreparti.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Dokument 8:212 S (2022–2023) – Representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, André N. Skjelstad og Ingvild Wetrhus Thorsvik om fleire stadsuavhengige jobbar i statsforvaltinga – vedtas ikkje.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 25. mai 2023

Lene Vågslid

leder

Mari Holm Lønseth

ordfører



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets kommunal- og forvaltningskomite
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

23/2108-3

26. april 2023

**Dokument 8:212 S (2022-2023) Representantforslag frå
stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, André N. Skjelstad og
Ingvild Wetrhus Thorsvik om fleire staduavhengige jobbar i
statsforvaltinga**

Eg viser til brev frå kommunal- og forvaltningskomiteen datert 13. april 2023. Komiteen ber om mi vurdering av representantforslag 8:212 S (2022–2023) «Representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, André N. Skjelstad og Ingvild Wetrhus Thorsvik om fleire staduavhengige jobbar i statsforvaltinga».

Representantane fremjar følgjande forslag:

1. Stortinget ber regjeringa setje konkrete måltal på kor stor del av stillingane i nasjonale statlege etatar/forvaltningsorgan som skal vere staduavhengige med høve til lokalisering i jobbfellesskap i bu- og arbeidsmarknadsregionar i Distrikts-Noreg.
2. Stortinget ber regjeringa sørge for at det blir etablert gode modellar for og kunnskapsdeling mellom ulike statlege etatar om desentralisert jobbstruktur i ein ny digital kvardag, og at det blir stilt tydelege forventningar til alle statsetatar om å legge til rette for dette.
3. Stortinget ber regjeringa sørge for at det i samarbeid med kommunar/regionar blir lagt til rette for at det er tilgjengeleg eigna lokale/fasilitetar for å ha desentraliserte, fleksible statlege arbeidsplassar i alle bu- og arbeidsmarknadsregionar i Distrikts-Noreg.

Til forslag 1:

Stortinget ber regjeringa setje konkrete måltal på kor stor del av stillingane i nasjonale statlege etatar/forvaltningsorgan som skal vere staduavhengige med høve til lokalisering i jobbfellesskap i bu- og arbeidsmarknadsregionar i Distrikts-Noreg.

Regjeringa har høge ambisjonar for ein aktiv distriktpolitikk, og som også inneber ei satsing på desentralisert arbeid som eit verkemiddel for å bidra til fleire kompetansearbeidsplassar i distrikta. Difor har vi lagt inn ei føring i tildelingsbrevane til alle statlege verksemder i 2023, at dei skal vurdere kva mogelegheit dei har for auka bruk av desentralisert arbeid, med det formål å oppnå meir desentralisering av statlege arbeidsplassar og styrkje lokale fagmiljø, som kan gje distriktpolitisk vinst. I føringa blir det peikt på at slikt desentralisert arbeid fortrinnsvis bør bli kombinert med høve til å vere knytt til eit kontorfellesskap der det er tilgjengeleg.

Alle statlege verksemder skal i årsrapporten gje si vurdering av moglegheitene for desentralisert arbeid, omfang og bruk av desentralisert arbeid i verksemda og erfaringane med dette. Dersom verksemda ikkje har hatt auke i desentralisert arbeid eller dersom bruken har gått ned, skal det særskilt gjerast greie for årsakene til dette.

Regjeringa meiner at kvar einskild statleg verksemd sjølv er nærast til å vurdere korleis ein best kan nå målsetjinga om auka tilrettelegging for desentralisert arbeid, innanfor mål, rammer og samfunnsoppdraga for verksemda. Dette er også i tråd med tillitsreforma.

Det er den einskilde verksemda som har dei beste føresetnadane til å kunne vurdere i kva omfang det er formålstenleg å leggje til rette for desentralisert arbeid i si verksemd, kva funksjonar og arbeidsoppgåver som kan utførast staduavhengig, og korleis det bør leggjast til rette for dei som jobbar desentralisert. Statlege verksemder er ulike, både når det gjeld storleik og kva oppgåver verksemda skal utføre. I tillegg er verksemdene ulikt organisert og geografisk plassert. Nokre verksemder vil kunne ha stort potensial for bruk av desentralisert arbeid, medan det for andre verksemder vil vere meir krevjande. Ut frå dette framstår det ikkje som føremålstenleg å stille detaljerte krav til talet på stillingar som skal ha status som desentralisert arbeid i kvar einskilde verksemd.

Til forslag 2:

Stortinget ber regjeringa sørge for at det blir etablert gode modellar for og kunnskapsdeling mellom ulike statlege etatar om desentralisert jobbstruktur i ein ny digital kvardag, og at det blir stilt tydelege forventingar til alle statsetatar om å legge til rette for dette.

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) har utarbeidd Rundskriv H-1/23 som orienterer nærare om fellesføringa, og departementet svarer på dei spørsmål som kjem frå etatane.

Arbeidet med fellesføringa skal inngå som ein del av styringsdialogen mellom departement og den einskilde verksemda. Departementa bør også legge til rette for erfaringsutveksling mellom sine underliggande verksemder, mellom anna ved å vidareformidle gode døme.

KDD har utarbeidd ein arbeidsrettsleg rettleiar om desentralisert arbeid i staten. Denne er meint som eit praktisk arbeidsrettsleg verktøy for leiinga i verksemder som har tilsette som jobbar desentralisert eller som jobbar med å leggje til rette for desentralisert arbeid. Rettleiaren har vore på høyring hos hovudsamanslutningane i staten. KDD har fått gode

innspel, og har oppdatert rettleiaren på bakgrunn av desse. KDD tek sikte på å publisere rettleiaren om kort tid.

I tråd med fellesføringa, skal alle statlege verksemder i årsrapporten for 2023 gje si vurdering av mogelegheitene for desentralisert arbeid, omfang og bruk av desentralisert arbeid i verksemda og erfaringane med dette. Dersom verksemda ikkje har hatt auke i desentralisert arbeid eller dersom bruken har gått ned, skal det særskilt gjerast greie for årsakene til dette. Departementa skal samanfatte rapportane frå sine verksemder. KDD skal på grunnlag av desse gjere ei samla vurdering av erfaringar med desentralisert arbeid i statlege verksemder, og vurdere vidare arbeid på feltet.

Tilrettelegging for erfaringsutveksling mellom departementa og mellom statlege verksemder om korleis leggje til rette for desentralisert arbeid, er eit viktig ledd i å auke omfanget av desentralisert arbeid i staten. Rapporteringa frå verksemdene på fellesføringa vil gje oss eit godt utgangspunkt for å få fram gode døme på korleis tilrettelegging kan gjerast, og også kva utfordringar og barrierar verksemder møter på i dette arbeidet. Dette er noko regjeringa allereie jobbar med og som vi vil jobbe vidare med framover.

Til forslag 3:

Stortinget ber regjeringa sørge for at det i samarbeid med kommunar/regionar blir lagt til rette for at det er tilgjengeleg eigna lokale/fasilitetar for å ha desentraliserte, fleksible statlege arbeidsplassar i alle bu- og arbeidsmarknadsregionar i Distrikts-Noreg.

Mange kommunar har stort engasjement for desentralisert arbeid, og mange stader legg kommunen allereie i dag til rette for kontorfellesskap der òg tilsette i staten kan bli invitert inn. Dette er noko som regjeringa er svært positiv til og som eg vil oppmode fleire kommunar om å vurdere. Det er eit godt grunnlag for samarbeid og kan bidra til å styrke kompetansmiljø lokalt. Det er den enkelte kommune som best kjenner sitt område, eksisterande arbeidsplassar og lokale, og potensiale og behov for nye lokale/fasilitetar.

Eg er óg opptatt av at statlege verksemder skal kunne legge til rette for kontorfellesskap der andre statstilsette kan bli invitert inn. Statlege verksemder bør undersøke om det er ledige statlege lokale som kan nyttast, t.d. eit ledig kontor hos ei statleg verksemd. Databasen *Statens lokaler* kan vere eit nyttig verktøy for å identifisere lokale for arbeidstakarar som jobbar desentralisert. Databasen inneheld ei oversikt over lokale som staten eig eller leiger, inkludert ei oversikt over ledige statlege lokale. Dersom staten skal nytte andre lokale, må det vere grunna i eit konkret behov på ein bestemt stad. For å sikre det mest gunstige leigealternativet for staten, må det innhenta fleire tilbod på den aktuelle staden. *Instruks om håndtering av bygge- og leiesaker i statlig sivil sektor* dannar rammeverket for å skaffe lokale i staten. Departementa er ansvarlege for at lokale disponerte av underliggende verksemder er rasjonelt utnytta og at relevante forhold er tilstrekkeleg utgreidde før verksemda anskaffar lokale.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, reading "Sigbjørn Gjelsvik". The signature is written in a cursive style with a blue ink color.

Sigbjørn Gjelsvik

